

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune vil påpeike at det er uheldig at denne endringa vert lagt fram før ekspertutvalet kjem med si innstilling.

Hordaland fylkeskommune er av den oppfatning at denne forskrifta må sjåast i samanheng med dei oppgåvane fylkeskommunane skal ha med tanke på ny regionreform.

2. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje endringane i vassforskrifta om at det no vert lagt opp til statleg over styring og «avpolitisere» vassforvaltinga. Eksisterande organisering sikrar politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking.
3. Evalueringar av arbeidet med vassforvaltinga konkluderer med at fylkeskommunane har gjort ein god jobb til ein låg kostnad utifrå dei rammer og føringar frå departementet, som var lagt til grunn for arbeidet. Hordaland fylkeskommune ser ikkje nytten av å endra dette som fungerer.
4. At ein tek bort vassforvaltingsarbeidet frå plan- og bygningslova er uheldig. Plan- og bygningslova er ein godt eigna, felles reiskap som balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn for samfunnet sitt samla behov. Planprosessane er demokratiske, og sikrar at alle påverka partar deltek aktivt både i planfase og oppfølging.
5. Forskriftsendringa er i konflikt med Stortinget sin intensjon om at regionreforma skal styrke regionen si rolle som samfunnsutviklar. Det er uheldig at endringar i vassforvaltingsarbeidet vert foreslått før regjeringa sitt ekspertutval med frist til 1.2.2018, får gjort sine vurderingar av nye oppgåver til regionane.
6. Noko av grunngjevinga for endring i vassforskrifta er at det i dei neste planperiodane berre skal føretakast mindre endringar av eksisterande planar. Erfaring frå rollen som vassregionmynde tilseier at det er eit relativt stort etterslep på både innhenting av kunnskap, overvaking og forankring av tiltak. Hordaland fylkeskommune er bekymra for at det no vert lagt opp til eit for lågt ambisjonsnivå når det kjem til å nå målet for våre vassressursar.
7. Det vil svekke arbeidet at det ikkje lenger skal være ein lovfesta samordningsarena regionalt (vassregionutval). Ved å fjerne denne, er det ein risiko for at vassforvaltingsarbeidet blir meir sektorisert og fragmentert, medan målet er heilskaplege og sektorovergripande planar.
8. Det er uheldig at plan- og bygningslova sin heimel om at statlege etatar og kommunane har rett og plikt til å delta i planlegginga fell bort. Det er uklart kva juridisk verknad ein plan heimla i naturmangfaldlova vil ha. Dette kan medføre risiko for at både kommunar og sektormynde i større grad vil distansere seg frå aktiv deltaking. Hordaland fylkeskommune er også bekymra for at mindre medverknad og eigarskap til vassforvaltingsplanane kan føre til at ein ikkje oppnår vassforskrifta sitt mål om god økologisk vasskvalitet.
9. Arbeidet i vassområda har etablert gode samarbeidsformer som er viktige å vidareføre. For å sikre lokal forankring må staten framleis gå inn med finansiering av vassområda si drift. Det er brukt mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt. Dette er noko ein må ta vare på.
10. Hordaland fylkeskommune har teke på seg økonomiske forpliktingar i samband med oppfølging av

arbeidet i vassområda og som vassregionmynde. Desse må det kompenserast for.

11. Dersom vassforskrifta skal endras må den innehalde ein overgangsperiode og ikkje tre i kraft før neste planperiode frå 1.1.2022. Den planlagde datoен 1.7.2018 er altfor kort tid. KLD skriver i sitt forventningsbrev til fylkeskommunane for 2018, datert 1.6.2017, at regjeringa er avhengig av at miljøpolitikken inngår i andre sektorar sine prioriteringar for å nå nasjonale mål, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Vidare skriv KLD at som ansvarleg for regional planlegging etter plan- og bygningslova, og den viktigaste utviklingsaktøren regionalt, har fylkeskommunen ein sentral rolle i å vege ulike interesser mot kvarandre innanfor ramma av den nasjonale arealpolitikken, der sikring av friluftsområde, heilskapleg vassforvaltning og det å ivareta vassdrags- og kystnatur er viktige element.